

## Møteprotokoll

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** Midtgard - Kommunestyresalen  
**Dato:** 15.12.2022  
**Tid:** 10:00 -15:30

### Faste medlemmer som møtte:

Namn	Parti	Funksjon
Bjarne Eiof Holø	SP	Ordfører
Marit Sletten	SP	Varaordfører
Rolv Enersvold	SP	Medlem
Odd Arne Kroken	SP	Medlem
Torstein Garmo	SP	Medlem
Eva Birgitta Stee	SP	Medlem
Arnstein Rusten	SP	Medlem
Sigrun Garmo	AP	Medlem
Tomas Sørhage	AP	Medlem
Malin Sætre	AP	Medlem
Kjell Brandsar	LL	Medlem
Linda Løberg	LL	Medlem
Torgeir Garmo	LL	Medlem
Trond Volden	BL	Medlem
Kristian Frisvold	BL	Medlem

### Varamedlemmer som møtte:

Namn	Parti	Møtte for
Terje Odde	AP	Bjørn Ola Aukrust
Egil Olav Nyrnes	LL	Jeanette Andersson Schakenda

### Faste medlemmer som ikke møtte:

Namn	Parti	Funksjon
Bjørn Ola Aukrust	AP	MEDL
Jeanette Andersson Schakenda	LL	MEDL

### Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Elin Fjeldberg	Kommunedirektør
Trond Byre-Haakensen	Kommunalsjef
Synne Skogsrud	Kommunalsjef
Anne Berit Sandvoll	Konsulent

Kommunedirektør orienterte i sak PS2022/80 Tilstandsrapport interkommunal barnevernteneste 2022

- møte blir lukka med heimel i kommunelova paragraf 11-5, andre ledd, andre punktum.

Ordfører orienterte vedrørende sak PS 2022/74 Vurdering knytt til festetomt/næringsareal.

- møte blir lukka med heimel i kommunelova paragraf 11-5, tredje ledd, bokstav b.

*Møteprotokollen blir godkjent i neste møte*

## Saksliste

<b>Utval-saksnr.</b>	<b>Innhold</b>
PS 2022/75	Godkjenning av innkalling og saksliste
PS 2022/76	Godkjenning av protokoll
PS 2022/77	Referatsaker
RS 2022/20	Årsmelding 2021 for Gåvenemnda ved Lom helseheim
RS 2022/21	Kopi overordnet revisjonsstrategi 2022
RS 2022/22	Trekk i rammetilskudd for konsesjonskraft - rapportering
RS 2022/23	Tilbakemelding på søknad om utprøving av bygdeveksttaler som nytt distriktspolitisk virkemiddel
PS 2022/78	Kommuneplanens samfunnsdel 2021-2033 - sluttbehandling
PS 2022/79	Revisjon av kommuneplanens arealdel - sluttbehandling etter 2. gongs offentlig ettersyn
PS 2022/80	Tilstandsrapport interkommunal barnevernteneste 2022
PS 2022/81	Gebyrregulativ 2023
PS 2022/82	Busetting av flyktninger i 2023
PS 2022/83	Handlingsplan 2023 for Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal
PS 2022/84	Handling- og økonomiplan 2023-2026, budsjett 2023. Kommunestyrebehandling
PS 2022/85	Inntektssystemet for kommunane - høyring
PS 2022/86	Møteplan for politiske utval 2023
PS 2022/87	Prolongering av «Samarbeidsavtale 2019-2023 Sykehuset Innlandet og kommunene i sykehusområdet»
PS 2022/88	Rullering av handlingsprogram 2022-2023. Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet
PS 2022/89	Godkjenning av godtgjerslereglement for Finndalen fjellstyre
PS 2022/90	Tilskot til kvinnenettverk Nord-Gudbrandsdalen
PS 2022/91	Innkjøp av EKG-apparat til legekantoret
PS 2022/92	Val av representant til styret og representant med vara til representantskapet i RegionData
FO 2022/13	Forespørsel - Spørsmål stilt i møte

---

### **PS 2022/75 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

#### **Behandling**

Godkjent samrøystes.

## **Vedtak**

Innkalling og sakliste godkjent.

---

## **PS 2022/76 Godkjenning av protokoll**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

### **Behandling**

Godkjent samrøystes.

## **Vedtak**

Protokoll frå den 29.11.22 godkjent.

---

## **PS 2022/77 Referatsaker**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

### **Behandling**

Rolv Enersvold (SP)

Ønskjer ei stutt orientering i samband med referatsak 2022/22 – Trekk i rammetilskudd for konsesjonskraft - rapportering.

Ordførar svarar at det vil bli orientert rundt tema i sak PS 2022/84 – Handlings- og økonomiplan.

Referatsakene vart samla teke til orientering.

## **Vedtak**

---

## **PS 2022/78 Kommuneplanens samfunnsdel 2021-2033 - sluttbehandling**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

### **Behandling**

Innstilling frå formannskapet vedteke samrøystes.

## **Vedtak**

Kommuneplanens samfunnsdel 2021-2033 blir vedteke med heimel i plan- og bygningslova § 11-15.

---

## **PS 2022/79 Revisjon av kommuneplanens arealdel - sluttbehandling etter 2. gongs offentlig ettersyn**

## **Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

### **Behandling**

#### **Forslag frå Bygdelista:**

Foreslår at følgjande byggeområde for fritidsbustader takast inn i planen igjen:

BFT28\_f for utbygging av utleiehytter ved Nordsætrin.

BT14\_f Bjønnskardet ønskes også teke inn igjen.

Foreslår at felt for bustadbygging BB03 i Garmo takast inn igjen i planen.

Foreslår følgjande endring i pkt. 3.3.3 Føresegner for inngjerding av fritidsbustader (PBL§ 11-9, nr6)

Punkt a:

Det kan gjerdes inn med inntil 100 lm gjerde pr fritidsbustad, rekkverk/gelender på terrasse eller veranda tel ikkje med i talet på løpemeter. Gjerde over 100 løpemeter krev søknad til /godkjenning av kommunen, jf. PBL § 20-4 e.

#### **Forslag frå Torstein K Garmo (SP)**

Støttar kommunedirektøren si innstilling vedr. garasjebygg på Brimi Fjellstuggu, dvs. at BFT29\_f takast ut av planen.

#### **Orientering frå kommunedirektør:**

Før kommunestyremøte hadde administrasjonen lagt inn manglande tekst i konsekvensutgreiinga knytt til turishytter, i samsvar med notat som vart lagt fram i formannskapet.

Før avrøystinga orienterte tenesteleiar Anne Silje Berg på vegne av kommunedirektøren, om brev til kommunen frå Statsforvaltaren i Innlandet datert 14.12.2022 med vurdering av Lom kommune si oppfølging av deira motsegner ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring. Statsforvaltaren skriv her mellom anna at når det gjeld masseuttak i Bøvre, M24, M31, M32, M101 og M102 og massetak i Finna M54, så er det gjort endringar i planføresegnene slik at motsegnene mot desse områda er imøtekomne dersom planen vert vedtekne slik dei er i kommunedirektøren sitt saksframlegg jf. brev av 7. desember 2022. Statsforvaltaren skriv at dei oppretthald motsegna til område BFT01\_f Konglehaugen, så lenge det ikkje er vist realistisk tilkomst til anlegget utan at konflikt med nasjonale verdiar knytt til naturmangfald og jordvern er avklart. Berg viste til at området BFT01\_f er teke ut av planforslaget, og er ikkje med i kommunedirektøren si innstilling til vedtak i saken.

**Ved avrøysting vart kvart punkt til endring av planen røysta over.**

#### **Forslag frå Torstein K Garmo (SP):**

Foreslår kommunedirektøren si innstilling vedr. garasjebygg på Brimi Fjellstuggu, dvs. at BFT29\_f

takast ut att av planen.

Forslag fell med 11 røyster mot og 6 røyster for.

#### **Forslag frå Bygdelista**

BFT28\_f Område for bygging av utleigehytter ved Nordsætrin, takast inn att planen.

Forslag fell med 15 røyster mot og 2 røyster for.

BT14\_f område for bygging av fritidsbustadar ved Bjønnskardet, takast inn att i planen.

Forslag fell med 15 røyster mot og 2 røyster for

Felt for bustadbygging BB03 i Garmo, takast inn att i planen.

Forslag fell med 15 røyster mot og 2 røyster for

Forslag til endring av planføresegnene 3.3.3 Føresegner for inngjerding av fritidsbustader (PBL§ 11-9, punkt a:

Det kan gjerdes inn med inntil 100 lm gjerde pr fritidsbustad, rekkverk/gelender på terrasse eller veranda tel ikkje med i talet på løpemeter. Gjerde over 100 løpemeter krev søknad til /godkjenning av kommunen, jf. PBL § 20-4 e.

Forslag fell med 15 røyster mot og 2 røyster for.

Kommuneplanens arealdel med vedteke endringar i formannskapet vart vedteke samrøystes.

#### **Vedtak**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 godkjenner Lom kommune ny arealdel til kommuneplan for Lom, planID 05140073, med plankart og føresegner datert 15.11.2022.

Planforslaget omfattar planskildring, plankart, planføresegner, konsekvensutgreiing (3 dokument), risiko- og sårbarheitsanalyse og skiltvedtekter for Lom kommune. Det er lagt ved notat der alle innkomne uttaler til 2. gongs høyring/ offentlig ettersyn er referert og kommentert.

Planen blir vedteken med dei endringar etter 2. gongs høyring som går fram av saksutgreiinga, og i tillegg med desse endringane:

Område BFT28\_f – nytt område for utleigehytter ved Nordsætrin, blir trekt ut av planforslaget.

Nytt område for fritids og turistformål BFT29\_f, nytt vegareal SV01\_f og nytt område for landbruk, natur, friluftsliv og reindrift LNFR01\_f ved Brimi Fjellstugu, blir teke inn att i planforslaget slik det var vist ved 2. gongs offentleg ettersyn og høyring.

Deler av område BOP01\_f, ved Garmo kyrkje, som var vist ved 1. gongs offentleg ettersyn og høyring, blir teke inn som nytt areal for parkering i planforslaget. Området blir avgrensa som vist på kartskisse lagt fram i møtet.

Område BGU02\_f, areal for utviding av kyrkjegarden ved Garmo kyrkje, blir teke ut av planforslaget.

Ved neste revisjon av kommuneplanens arealdel bør areal på sørsida av eksisterande kyrkjegard vurderast som nytt område for utviding av kyrkjegarden. Dette blir teke inn i punkt 5.1.8 i planomtalen.

Planomtalen blir justert i samsvar med dei endringar som går fram av dette vedtaket.

Kommuneplanens arealdel blir godkjent under føresetnad av at Statsforvaltaren i Innlandet trekkjer motsegn til planen.

Kommunedelplan for Fossbergom, vedteken 24.11.2020, vil fortsatt gjelde for sentrumsområdet.

Som følgje av vedtaket om godkjenning av ny arealdel til kommuneplanen blir reguleringsplan for masseuttaksområde M18 Bøvre ved Galdebygde, vedteken 12.03.1998, oppheva.

Som følgje av vedtaket skal Lom kommune ta initiativ til ei vurdering av om behovet for massar til Finndalsvegen kan dekkast på ein annan måte enn i dag, slik at vassdrags- og verneverdiar ikkje blir negativt påverka. Dette skal skje i samarbeid med Statsforvaltaren i Innlandet, Nasjonalparkstyret for Reinheimen og brukarane av Finndalsvegen.

Når kommuneplanen er vedteke skal kommunen bidra aktivt til å setje i gang reguleringsarbeid for dei massetak for vedlikehald av setervegar og landbruksvegar der det er sett krav om reguleringsplan. Dette gjeld ikkje-kommersielle grusuttak.

---

## **PS 2022/80 Tilstandsrapport interkommunal barnevernteneste 2022**

### **Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

#### **Behandling**

Leiar for levekårsutvalet ber om ei utvida orientering om tilstandsrapporten.

Møte blir lukka jfr. kommunelova paragraf 11-5, andre ledd, andre punktum.

Orientering ved kommunedirektør.

Innstilling frå Levekårsutvalet vedteke samrøystes.

#### **Vedtak**

Tilstandsrapport for interkommunal barnevernteneste for 2022 blir teke til orientering. Barnevernet skal ha eit sterkare fokus på førebyggjande tiltak, slik at ressursane i større grad blir nytta til dette.

---

### **PS 2022/81 Gebyrregulativ 2023**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

#### **Behandling**

Innleiing ved kommunedirektør.

Presentasjon er lagt til under ekstramateriale i FirstAgenda.

Innstilling vedteke samrøystes.

#### **Vedtak**

Kommunestyret vedtek gebyrregulativ 2023 for Lom kommune med dei endringar som vart framlagt i møte.

---

### **PS 2022/82 Busetting av flyktningar i 2023**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

#### **Behandling**

Innstilling vedteke samrøystes.

#### **Vedtak**

1. Lom kommune skal busette inntil 20 flyktningar i 2023.
2. Dersom staten legg fram tilleggsoppmoding, kan busetting aukast i tråd med oppmoding.
3. Kommunen har ikkje kapasitet og kompetanse til busetting av einslege mindreårige flyktningar.



4. Kommunedirektøren blir gjeve fullmakt til å disponere plassane for det enkelte år innan denne ramma og ut i frå kapasitet i samråd med IMDi.
5. Lom kommune vurderer fylgjande punkt som avgjerande for å oppretthalde ein høg kapasitet for busetting i kommunen:
  - Statleg kompensasjon av utgifter som ikkje blir dekt av integreringstilskot og andre øyremerka tilskot.
  - Rask integrering og sysselsetting gjennom tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse i tenesteapparatet og tilgang til arbeidsplassar.
  - Tilstrekkeleg tilgang på sentrumsnære bustadar, alternativt statleg kompensasjon av transporttiltak dersom behov for bruk av bustadar og barnehage i grendene.
  - Tilskotsordning frå Husbanken for å dekke bustadbehov.
  - Samarbeid med næringsliv, friviljuge lag/ organisasjonar og friviljugsentral, samt innsats frå lokalsamfunnet til felles bidrag for å inkludere flyktningane.
  - Moglegheit for å forlenge introduksjonsordninga til to år.
  - Finansieringsordning til næringslivet for å kunne bidra til språktrening og sysselsetting.
  - Samarbeid med nabokommunar i høve introduksjonsprogram og språkopplæring.

---

## **PS 2022/83 Handlingsplan 2023 for Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

### **Behandling**

Innstilling frå formannskapet vedteke samrøystes.

### **Vedtak**

Lom kommune slutter seg til handlingsplan for 2023 for Interkommunalt politisk råd for Nord-Gudbrandsdal.

---

## **PS 2022/84 Handling- og økonomiplan 2023-2026, budsjett 2023.**

### **Kommunestyrebehandling**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

## **Behandling**

### **Spørsmål frå Kjell Brandsar (LL)**

I innstillinga punkt 3, kulepunkt 3 står det energianlegg. Energianlegg er ikkje nemnd i eigedomsskattelova.

### **Kommunedirektør svarar:**

Vedrørande formulering i vedtak vedrørande energianlegg, er bruken av begrep kvalitetssikra med advokatfirma Lund & Co.

### **Forslag frå Senterpartiet:**

Regulering av bustadfelt

Nytt tiltak 6.5-B: Starte regulering av ny del av bustadfeltet i Frisvoldskogen. 500 000 kr i 2023.

Dekking frå disp.fond.

Friviljugsentralen

Tillegg punkt 8.3-B: kr 100 000 årleg i perioden 2023-2026 i auka tilskot til friviljugsentralen.

Dekking frå disp.fond.

Folkebadning

Nytt Tiltak 10.3-D: Folkebadning i Utgard. Kommunen skal legge til rette for folkebadning i Utgard med kvalifiserte badevakter.

Barnevern

Ta ut auka på 30% i stilling i barnevernet.

Forslag til nytt tiltak 11.2-E:

Det skal utarbeidast ein plan for kommunen sitt førebyggjande arbeid. Planen skal beskrive kva som er måla for arbeidet, korleis arbeidet skal organiserast og fordelast mellom tenestene i kommunen, og korleis tenestene skal samarbeide internt i organisasjonen og med dei interkommunale tenestene.

### **Kristian Frisvold (BL)**

Høyringsuttale frå samfunnsutvalet til Handlings- og økonomiplan 2023-2026

Samfunnsutvalet fatta fylgjende vedtak i møte 5.12.22. Vedtaket vert lagt ved som høyringsuttale til kommunestyret sin behandling av HØP 2023-2026.

Samfunnsutvalet bestiller ei sak om skilting i Lom sentrum og parkering for lastebilar og bussar. Saka tek utgangspunkt i tiltak som vert foreslått i Moglegheitsstudien for Lom sentrum. Utvalet ber om at

det lagast ein sak på dette til neste møte og at det settast av pengar til det i budsjett for 2023. Anslått kostnad til opparbeiding av p-område for bussar og lastebilar er 600.000 kroner, og 400.000 kroner til skilting til p-plassar for busser, lastebilar og campingvagnar/campingbilar på alle innfartsvegar til Lom.

Totalt avsett i budsjett for 2023: 1.000.000 finansiert over disposisjonsfond.

Kart vist fram i kommunestyremøte er lagt til under ekstramateriale i FirstAgenda.

### **Spørsmål frå Torgeir Garmo (LL)**

Er det mogleg med eigedomskatt på hytter?

#### **Kommunedirektør svarar:**

Skal det skrivast ut eigedomskatt på fritidsbustad, må det også skrivast ut eigedomsskatt på alle eigedomar i kommuna jfr eigedomsskattelova.

### **Forslag og spørsmål frå Linda Løberg (LL):**

I samfunnsplanen står det at Lom skal vere kjennetegna av helsefremjande aktivitetar og tiltak. Lomslista ynskjer at vi byrjar arbeidet med å få i gang ei lita lønna stilling som badevakt for å få på plass folkebadning i Lom. Dette i lag med Lom il om korleis det kan løysast best mogleg. Viktig at dette kjem raskt på plass, mtp at bassenga i både Vågå og Skjåk driv i prosess med restaurering.

Vil og etterspørja aktivitør på Lom helseheim. Stemmer det at fylke allereie har dekt opp den stillinga økonomisk? Viss ikkje ynskjer vi at dette kjem på plass . Dette og som helsefremjande aktivitet og tiltak for våre eldre i kommuna. Dette tilbudet gjeld og for dei som bur i bustadane rundt.

### **Malin Sætre (AP)**

Levekårsutvalet vart i haust orientert om at intern rekruttering til aktivitør på helseheimen var utfordrande, men at midlar frå Statsforvalter kunne nyttast til å lyse ut engasjement offentleg. Politisk semje om at det er ønskjeleg med aktivitør på helseheimen. Kva er status her?

#### **Kommunedirektør svarar:**

Lom kommune har ikkje aktivitør i dag. Kommunen hadde inne søknad om finanisering frå Statsforvaltar i samband med pandemien. Føresetnad for tilskotet var frikjøp av eigne ressursar, noko kommunen ikkje har klart å innfri. Kommunen er for hardt pressa på bemanning til å handtere

denne oppgåva på den måten. Det har vore drøftingar av dette i samband med programmet "Rusta for framtida", bemanningsplanlegging og oppgåveløysing framover for å finne andre måtar å løyse viktige aktiviseringstiltak på.

#### **Ved røysting vart følgjande punkt røysta over:**

##### **Regulering av bustadfelt**

Nytt tiltak 6.5-B: Starte regulering av ny del av bustadfeltet i Frisvoldskogen. 500 000 kr i 2023.

Dekking frå disp.fond.

Vedteke samrøystes

##### **Friviljugsentralen**

Tillegg punkt 8.3-B: kr 100 000 årleg i perioden 2023-2026 i auka tilskot til friviljugsentralen.

Dekking frå disp.fond.

Vedteke samrøystes

##### **Folkebading**

Nytt Tiltak 10.3-D: Folkebading i Utgard. Kommunen skal legge til rette for folkebading i Utgard med kvalifiserte badevakter.

Vedteke samrøystes

##### **Barnevern**

Ta vekk auka på 30% i stilling i barnevernet.

Forslag til nytt tiltak 11.2-E:

Det skal utarbeidast ein plan for kommunen sitt førebyggjande arbeid. Planen skal beskrive kva som er måla for arbeidet, korleis arbeidet skal organiserast og fordelast mellom tenestene i kommunen, og korleis tenestene skal samarbeide internt i organisasjonen og med dei interkommunale tenestene.

Vedteke samrøystes

##### **Skilting i Lom sentrum og parkering for lastebilar og bussar**

Samfunnsutvalet fatta følgjende vedtak i møte 5.12.22. Vedtaket vert lagt ved som høyringsuttale til kommunestyret sin behandling av HØP 2023-2026.

Samfunnsutvalet bestiller ei sak om skilting i Lom sentrum og parkering for lastebilar og bussar. Saka tek utgangspunkt i tiltak som vert foreslått i Mogleighetsstudien for Lom sentrum. Utvalet ber om at det lagast ein sak på dette til neste møte og at det settast av pengar til det i budsjett for 2023.

Anslått kostnad til opparbeiding av p-område for bussar og lastebilar er 600.000 kroner, og 400.000 kroner til skilting til p-plassar for busser, lastebilar og campingvagnar/campingbilar på alle innfartsvegar til Lom.

Totalt avsett i budsjett for 2023: 1.000.000 finansiert over disposisjonsfond. Kommunedirektør får fullmakt til å formulere vedtaket som eit tiltak i Handlings- og økonomiplanen (HØP).

Samrøystes vedteke

Kommunedirektøren presiserer at alle vedtak gjort i kommunestyret i dag vil bli finansiert gjennom bruk av disposisjonsfond, noko som budsjett-teknisk vil medføre redusert avsetning på disposisjonsfond.

Kommunedirektøren ber om moglegheit til redaksjonelle endringar i samband med tilgjengelegheitserklæring (Forklaring: Tilgjengelegheitserklæring - Universell utforming har som mål å gi alle, uansett nedsatt funksjonsevne, de same mulighetene for tilgang til Internett).

Innstilling frå formannskapet med endringar vedteke i møte vart vedteke samrøystes.

## **Vedtak**

Kommunestyret vedtek handlings- og økonomiplan 2023-2026 og årsbudsjettet for 2023 med dei endringane som vart vedteke i møte, og følgjande føresetnader:

1. Nytt låneopptak i 2023 blir gjennomført som serielån i medhald av gjeldande finansreglement for Lom kommune. Lånebeløpet blir sett inntil 19,2 mill. kroner, og er spesifisert i løyvingsoversikt investering, del B. I tillegg kjem låneopptak på overførte investeringar frå 2022 til 2023, jf. eigen kommunestyresak.
2. Gebyr og betalingssatsar blir vedteke i eiga sak.
3. Med grunnlag i eigedomsskattelova (esktl.) §§ 2 og 3 bokstav e, skal eigedomsskatt skrivast ut etter desse alternativa for skatteåret 2023:
  - Det blir skrive ut skatt på det særskilte skattegrunnlaget redusert med to sjudelar i 2023 (overgangsregel til esktl. §§ 3 og 4 fyrste ledd første pkt.)
  - Alle faste eigedomar innanfor klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, jfr. KS-sak 125/75.

- Energianlegg, kraftanlegg, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

Generell skattesats blir sett til 7 promille, jf. esktl. § 11 fyrste ledd.

For eigedomar med sjølvstendige bustaddelar og fritidseigedomar, blir skattesatsen for 2023 sett til 2 promille, jf. esktl. §§ 11 fyrste ledd og 12 a.

Alle sjølvstendige bustaddelar skal ha eit botnfrådrag på kr 300 000, som skal trekkast frå takstverdien, jf. esktl. § 11 andre ledd.

Det skal vera fritak for nærare angjevne eigedomar åt stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagna ein kommune, eit fylke eller staten, jf. esktl. § 7 bokstav a. Liste over eigedomar med fritak vert vedtatt seinare.

Nyoppført bygg som heilt eller delvis blir brukt som bustad er fritake for eigedomsskatt i 10 år (esktl. § 7 bokstav c) eller inntil kommunestyret endrar eller opphevar fritaket.

Eigedomsskatten skal betalast i 6 terminar i skatteåret, jf. esktl. § 25 fyrste ledd. Ved taksering og utskrivning av eigedomsskatt nyttar kommunen tidlegare vedtekne vedtekter, jf. esktl. § 10. (Siste alminnelege taksering i kommunen vart gjennomført i 2012.)

4. Godtgjersle folkevalde er fastsett i k-sak 2021/67. Ordføraren si godtgjersle er knytt opp mot godtgjersle for stortingsrepresentantar, slik at godtgjersle utgjer 85 % av stortingsrepresentantgodtgjersle avrunda til næraste kr. 5.000.

5. Delegering til kommunedirektøren:

- Budsjettet for 2023 er fastsett gjennom obligatoriske løyving- og hovudoversikter for drifts- og investeringsbudsjettet. Budsjettet blir vedteke som netto løyving til rammeområda, jfr. løyvingsoversikt drift, del B.
- Netto premieavvik for pensjonar er delegert til administrasjonssjefen i skjema 1B. Dette følgjer av økonomireglement pkt. 3.4.
- Delegering utover dette følgjer av økonomireglement pkt. 3.4.

Budsjettet for 2023 og økonomiplanen for 2023-2026 blir lagt ut til offentleg ettersyn via Lom kommune si heimeside i perioden 25.11.22 - 09.12.22. Eventuelle merknader må være Lom kommune skriftleg i hende innan 09.12.22.

---

## **PS 2022/85 Inntektssystemet for kommunane - høyring**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

### **Behandling**

Innstilling frå formannskapet vedteke samrøystes.

### **Vedtak**

Kommunestyret vedtek høyringsuttale til NOU 2022:10 slik det går fram av saksframlegget med tillegg lagt fram i møte.

---

## **PS 2022/86 Møteplan for politiske utval 2023**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

### **Behandling**

Innstilling frå formannskapet vedteke samrøystes.

### **Vedtak**

Kommunestyret vedtek vedlagte plan for politiske møter 2023.

---

## **PS 2022/87 Prolongering av «Samarbeidsavtale 2019-2023 Sykehuset**

### **Innlandet og kommunene i sykehusområdet»**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

### **Behandling**

Innstilling frå levekårsutvalet vedteke samrøystes.

### **Vedtak**

Lom kommune vedtek prolongering av dagens samhandlingsavtale med Sykehuset Innlandet fram til 28.03.2024.

---

## **PS 2022/88 Rullering av handlingsprogram 2022-2023. Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

### **Behandling**

Innstilling frå levekårsutvalet vedteke samrøystes.

## Vedtak

Kommunestyret vidarefører kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2018-2021, slik at den gjeld for perioden 2022-2023.

Kommunestyret vedtek Handlingsprogram med prioriteringsliste for idrettsanlegg 2022-2023.

---

## PS 2022/89 Godkjenning av godtgjerslereglement for Finndalen fjellstyre

Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:

### Behandling

Innstilling frå formannskapet vedteke samrøystes.

## Vedtak

Kommunestyret godkjenner godtgjerslereglement for Finndalen fjellstyre gjeldande frå 1.1.2022.

---

## PS 2022/90 Tilskot til kvinnenettverk Nord-Gudbrandsdalen

Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:

### Behandling

Innstilling frå formannskapet vedteke samrøystes.

## Vedtak

Lom kommune støttar LOS med 5250 kr i 2022 jamfør søknad. LOS forpliktar seg til å bruke pengane på å styrke kvinneandelen og kvinner si synlegheit i lokalpolitikken.

---

## PS 2022/91 Innkjøp av EKG-apparat til legekantoret

Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:

### Behandling

Innstilling frå formannskapet vedteke samrøystes.

## Vedtak

Kommunestyret løyver 165.000 kroner til nytt EKG-utstyr til legekantoret

Løyvinga vert dekt over disposisjonsfond slik:

<b>Investeringsbudsjett:</b>	
Utgift nytt EKG-utstyr, inkl. mva	206 000



<b>Sum</b>	<b>206 000</b>
<b>Finansiering</b>	
Moms. Komp	41 000
Overføring frå drift	165 000
<b>Sum</b>	<b>206 000</b>

<b>Driftsbudsjett:</b>	
Overføring til investering	-206 000
Bruk av disposisjonsfond	206 000

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettjustering i drift og investering

---

## **PS 2022/92 Val av representant til styret og representant med vara til representantskapet i RegionData**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

### **Behandling**

Vedteke samrøystes.

### **Vedtak**

1. Til styret i RegionData kommunalt oppgåvefellesskap blir kommunedirektøren vald.
2. Til representantskapet blir ordførar med varaordførar som personleg vararepresentant vald.

---

## **FO 2022/13 Forespørsel - Spørsmål stilt i møte**

**Saksprotokoll i Kommunestyret 15.12.2022:**

### **Behandling**

**Orientering frå ordførar:**

I samband med tidlegare behandling av sak PS 2022/74 - Vurdering knytt til festetomt / næringsareal, ønskjer ordførar og orientere om status.

Møte vart lukka med heimel i kommunelova §11-5, tredje ledd, bokstav b).

**Orientering frå kommunedirektør:**

9. desember vart det arrangert julebord for tilsette i Lom kommune. Lom kommune er ein stor arbeidsgjevar med over 200 tilsette. Det er viktig å minne oss på kor viktig kvar og ein er og verdsette den jobben som gjerast kvar dag for at Lomssamfunnet skal fungere. Gjennom det siste året har det mellom anna vore gjennomført leiarprogram. Gjennom dette arbeidet kom det opp ein ide om å presentere oss sjølve overfor andre tilsette og formidle utad det eigarskapet og stoltheita som tilsette i Lom kommune har.

Filmen "Oss i Lom" vart vist. Filmen handlar om kvardagen i Lom kommune.